

**Søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal -
gjødselvarer**

Søknaden skal sendast til kommunen der driftssenteret er plassert. *Kommunen kan godkjenne gjødsling der det er ønskeleg, og avslå for areal der det ikkje er ønskt med gjødsling. Gjødsling av innmarksbeite er viktig for å sikre god beitevekst, men ein skal òg ta omsyn til vassmiljø og område med biologisk mangfald.*

Husdyrgjødsel/biorest: NB! Du kan ikkje spreie husdyrgjødsel på innmarksbeite før det føreligg eventuell godkjenning frå kommunen. For areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Ver likevel merksam på at du ikkje kan spreie gjødsel nærare enn 6 meter frå vassdrag, og berre på areal som framleis er innmarksbeite. Utrekna dekar spreieareal frå gamal godkjenning kan difor vere feil i dag.

Mineralgjødning: Frå 2025 er det innført krav om godkjenning òg for bruk av mineralgjødning på innmarksbeite. Dei tre første åra kan du likevel spreie mineralgjødning på innmarksbeite som er oppført med mineralgjødning i gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Frå 2028 kan du ikkje spreie noko mineralgjødning på innmarksbeite før godkjenning.

Grunnopplysningar			
Organisasjonsnummer	Føretakets namn	Gnr./bnr.	Kommune
Etternamn	Før- og mellomnamn		
Adresse	Postnr.	Poststad	
Telefonnr./mobilnr.		E-postadresse	

	Ja	Nei
Gjeld søknaden godkjenning for bruk av berre mineralgjødning?		
Gjeld søknaden generell godkjenning for både husdyrgjødsel/biorest og mineralgjødning?		

[illegible]

Teig	Ca. dekar	Planlagt beitebruk (dyreslag, ca. antal og ca. tid)	Gnr./bnr.	Type gjødse	Husdyr- gjødse/ biorest	Mineral- gjødse
Sum						

Korleis skal husdyrgjødsla spreiaast?

Dato og stad:	Underskrift
---------------	-------------

Nødvendig vedlegg: Kart der det aktuelle arealet er merka. Informasjon om kva gjødselslag du søker om å bruke på ulike areal må kome fram av kartet som du legg ved søknaden.

Gjødslingsplan:

Planlagt bruk av husdyrgjødse og mineralgjødse på innmarksbeite må bli inkludert i gjødslingsplanen etter at areala er godkjent som spreieareal for gjødse.

Heimel

Jf. § 17 i forskrift om lagring og bruk av gjødse mv. Spreiing av gjødsevarer kan berre skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Ein kan også spreie på innmarksbeite **etter** godkjenning frå kommunen. Kommunen skal i si vurdering legge særleg vekt på kva verknadar gjødslinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiar, og om gjødslinga kan skje på ein forsvarleg måte.

Jf. § 18 om *vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiiing* blir det stilt krav om å halde minst 6 meter avstand til vassdrag for alle gjødselslag ved spreiiing i innmarksbeite.

Jf. § 20 om *avgrensingar for tilførsel av fosfor på jordbruksareal* kan ein ikkje tilføre meir enn 2 kg fosfor per dekar innmarksbeite i løpet av eit år.

Jf. § 36 om overgangsreglar punkt 2. omhandla *beite godkjent som spreieareal*, og fastslår at for areal der du kan dokumentere tidlegare godkjenning, er det normalt ikkje behov for ny godkjenning. Mineralgjødse kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødse på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen ha godkjent innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødse.